



# ROVVILTNEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1 pr epost

Dykkar ref:                      Vår ref.:                      Arkivnr.:                      Dato:  
2013/886                      433.52                      11.09.2013

### Protokoll frå møte i rovviltnemnda 28.08.2013

Rovviltnemnda region 1 møtte i Sogndal 28.08.2013. Noralv Distad (leiar), Marit Barsnes Krogsæter og Sveinung Valle møtte frå nemnda. Oddny Omdal deltok pr telefon. Rein-Arne Golf var invitert til innlegg i sak 9/13. Frå sekretariatet deltok Birger Aasland og Anders Braa.

Før ordinært møte hadde representantar frå saueneringa i Sogn og Fjordane innlegg til nemnda med synspunkt om auka lisensfellingskvote på jerv og på endringar i forslag til forvaltingsplan. Innspelet til forvaltingsplan blei sendt til medlemmane i nemnda før møtet. Merete Støfring undra seg over mangel på samordning mellom fylkesmennene i høyringsprosessen, jf uttalar frå både fylkesmennene i Vest-Agder og Sogn og Fjordane. På oppfordring frå Distad fekk både Hermund Mjelstad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Braa høve til å kommentere dette.

Denne protokollen blir lagt ut på vår heimeside, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland).

### **Sak 09/13: Orientering om tap av beitedyr og førekomst av freda rovvilt mot slutten av beitesesongen. Resultat av eventuell skadefelling.**

Rein-Arne Golf frå Statens naturoppsyn orienterte. Stort sett er situasjonen tilsvarende som i saksframlegget til sak 11/13. Nytt er funn av 16 dokumenterte/antatte jervedrepne sau og lam i Sogndal og 1 i Leikanger. Alle tapa er frå siste del av august. Det skal og vere funn av lammekadaver som skuldast jerv i Suldal, men det er førebels ikkje bekrefta i Rovbase.

### **Sak 10/13: Jakt på gaupe i regionen i 2014. Vedtak om eventuell kvotefri jakt.**

Eige brev med vedtak er sendt ut 30.08.2013.

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernavdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
[anders.braa@fmro.no](mailto:anders.braa@fmro.no)

**Sak 11/13: Lisensfelling av jerv og eventuelt ulv i regionen i 2013/2014. Vedtak om kvotestorleik, fellingsområde og andre vilkår**

Eige brev med vedtak er sendt ut 30.08.2013.

Nemnda vedtok å auke kvota på jerv med 2 dyr utover tilråing frå sekretariatet til 6 dyr. Det er i samsvar med innspel frå næringa. Nemnda vedtok og lisensfelling av 1 ulv for heile regionen. Sekretariatet rådde frå lisensfelling av ulv sidan det ikkje er sannsynleg førekomst av ulv i regionen no. Nemnda var og innstilt på å kunne vedta lisensfelling av bjørn pr telefonmøte dersom det skulle bli aktuelt innafør lisensfellingsperioden.

**Sak 12/13: Forslag om endring av rovviltforskrifta på høyring: Forvaltingsområdet for ynglande ulv. Eventuelle innspel til forslaget innan 1. oktober i år.**

Rovviltnemnda vil sende uttale til forslaget. Støttar fleirtalsforslaget om å oppretthalde ei ulvesone for at ulv utanfor sona lettare kan fellast. Nemnda vil og oppmoda til fortgang i forhandlingane om felles ulveforvaltning med Sverige.

Sekretariatet utarbeider forslag til brev som etter godkjenning av leiar sendast til MD.

**Sak 13/13: Revisjon av forvaltingsplanen. Gjennomgong av innspel etter høyring og forslag til revidert tekst. Dersom nemnda vil gjere endringar i planframlegget må sekretariatet få klåre føringar for vidare arbeid. Viss planen ikkje blir vedteke på møtet må nemnda ta stilling til om det bør bli eit møte før mars 2014 for endeleg vedtak.**

Nemnda gjekk gjennom planen med utgangspunkt i det siste innspelet frå næringa, og vedtok fleire endringar i samsvar med dette. Viktigaste endring er i sjølve hovedmålet til planen: ”Det skal ikkje vere årlege ynglingar *eller skadegjerande rovpattedyr* i region 1.” Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjorde og spesielt merksam på at dei har bedt om at rovviltforliket punkt 2.2.19 blir ordrett sitert i planen.

Sekretariatet innarbeider endringane og sender utkastet til nemnda. Etter godkjenning blir planen sendt til Miljødirektoratet for fagleg gjennomsyn før endeleg vedtak.

**Sak 14/13: Ymse**

Norges jeger-og fiskerforbund arrangerer kurs i rovviltforvaltning spesielt tilpasset region 1 på Flå i Hallingdal 4 – 5. november i år. Distad deltar med innlegg, og møtet forøvrig var positive til å delta. Nemnda sitt driftsbudsjett kan brukes til å dekke nemnda sine reiseutgifter og utgifter til møtegodtgjørelse etter vanlige satser. Nemnda bør og nytte høvet til å møte, ikkje minst for å fastsette møteplan for neste år. Seminaret er bestilt av Miljødirektoratet.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr epost til:

Fylkesmannen i Hordaland SNO v/Jon Erling Skåtan Mattilsynet, Rogaland og Agder SNO v/Rein Arne Golf Miljødirektoratet	Postboks 7310	5020	Bergen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Fylkesmannen i Vest-Agder	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Mattilsynet, Sogn og Fjordane og Hordaland	Postboks 513	4605	Kristiansand S